

Øystre Slidre kommune

Sektor for skule og barnehage

2940 Heggenes

25.01.06

Utdannings-og Forskningsdepartementet
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

ATT: Magnhild Løvhaug

HØRING- Forslag til endring i Opplæringslova- Opplæring i helseinstitusjoner og barnevernsinstitusjoner.

Kommentar til alternativ 5.

Øystre Slidre kommune har hatt ansvar for grunnskuleopplæringa til elevar som har opphald ved Beitostølen Helse- og idrettsanlegg. Dagens ordning er problematisk på fleire område.

- BHSS ynskjer å få til eit heilheteleg tilbod, dette er vi som kommune samde i. Det betyr at lærarne sitt arbeid må integrerast i heile tilbodet som elevane skal ha. Ein må klare å sjå det medisinske tilbodet saman med skuletilbodet. Slik ordninga er i dag med to avgrensa område, er det svært vanskeleg å få til denne heilheitlege tenkjemåten.
- Skulen er eit tilbod for born i grunnskulealder, men det er også ein del elevar innom som går i vidaregåande skule og som det er ynskje om får eit skuletilbod. Til no har vi ikkje sendt refusjonskrav for desse. Her blir det endå ein ny part å forholde seg til.
- Øystre Slidre har også det økonomiske ansvaret for grunnskulen på BHSS. Frå 2004 har vi sendt rekning til bustadskommunen til elevane for å få dekkja kostnadane ved undervisninga. Med ca 170 elevar innom skulen i løpet av året, er dette ein svært stor administrativ jobb, den står på ingen måte i forhold til beløpa vi krev inn. Vi opplever at det er eit system som er tungt å drive, det er mykje administrativt arbeid og byråktati.
- Vi ser også at bustadskommunane reagerer ulikt på å betale for skuletilbodet. Etter kvart som eigenandelen for kommunane aukar, fryktar vi at denne økonomi delen vil hindre at unge får eit tilbod dei treng.
- Det er problematisk å drive ein skule som har så uforutsigbar økonomi.

Konklusjon

Har ikkje forutsetningar for å seie kva alternativ som blir det beste for skulen på BHSS, men kan klart slå fast at dagens ordning, kommunalt ansvar- alternativ 5, ikkje fungerer.

Anne-Marie Skogheim
sektorsjef

